

Vedlegg

Forskrift om endring av forskrift 19. juli 2007 nr. 931 om jakttid og døgnerregulering av jakt etter grågås for kommunane Haram, Sandøy, Aukra og Halså, Møre og Romsdal

Ny tittel:

Forskrift om jakttid og døgnerregulering av jakt etter grågås for kommunane Haram, Rauma, Vestnes, Sandøy, Aukra, Halså og Smøla, Møre og Romsdal fylke

Fastsett av Møre og Romsdal fylke 15. juli 2009 med heimel i forskrift 1. februar 2007 nr. 112 om jakt- og fangsttider samt sanking av egg og dun for jaktseongene fra 1. april 2007 til og med 31. mars 2012 § 3 første ledd, jf. lov 29. mai 1981 nr. 38 om viltet.

I

Det blir opna for tidlegare jaktstart på grågås i kommunane Haram, Rauma, Vestnes, Sandøy, Aukra, Halså og Smøla med bakgrunn i forvaltningsplanar for grågås for desse kommunane.

II

Det blir opna for jakt på grågås med følgjande avgrensing av dagar, tid på døgnet og innafor område med følgjande geografisk avgrensing fram til ordinær jaktstart 10. august.:

Kommunar	Dagar	Tid på døgnet	Områdeavgrensing *
Haram, Rauma, Sandøy, Aukra og Halså	26. juli – 9. august	04.00 - 11.00	Innmark med maskinell slått og inngjerda beite som blir gjødsla samt 30 m randsoner kring desse.
Vestnes	01. august – 9. august	04.00 - 11.00	Innmark med maskinell slått og inngjerda beite som blir gjødsla samt 30 m randsoner kring desse.
Smøla	26. juli – 4. august	04.00 - 11.00	Innmark med maskinell slått og inngjerda beite som blir gjødsla samt 30 m randsoner kring desse. Områda er merka av i kartdelen av forvaltningsplanen.
	5. august – 9. august	04.00 - 11.00	Heile fast-Smøla med øyar og holmar som kan nåast utan bruk av båt.

* For område der det er forbod mot jakt i medhald av vern etter naturvernloven, må det vere gitt dispensasjon frå verneforskriftene for at jakt skal vere lovleg.

III

Denne forskrifta tek til å gjelde straks, og gjeld fram til og med 31. mars 2012.

IV

Møre og Romsdal fylke kan endre eller oppheve denne forskrifta dersom det er naudsynt.